



Jens Bjordal
Pb 92
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2258 - 14/7748

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
19.05.2014

Godkjenning - oppføring av tilbygg til bustad på Frekhaug, gbnr 23/117.

Administrativt vedtak. Saknr: 126/2014

Eigedom: 23 117

Byggjeplass: Grønlandsvegen 11

Tiltakshavar: Jens Bjordal

Planstatus: Reguleringsplan - bustad

Søknad om: Tilbygg til bustad

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 12.05.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av tilbygg til bustad på gbnr 23/117 på Frekhaug.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Frekhaug senter/Grønland – planid 125619790703 - regulert til bustad.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 30.04.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteken 12.05.2014. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillete grad av utnytting på tomta % BYA) er 25%. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av tilbygg til bustad på gbnr 23/117 i samsvar med søknad motteke 12.05.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 12.05.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Jens Bjordal

Pb 92

5918

FREKHAUG